

Osterøy kommune

v. Linda Svidal Nordås

leiar for kultur og mangfald

## **Søknad om økonomisk støtte til restaurering av den gamle steinbrua over Mjeldastrumen i Haus.**

Haus kulturminnelag blei skipa hausten 2022 og er registrert som frivillig organisasjon i Brønnøysundregisteret. Vi har som hovudføremål å arbeida for eit bærekraftig, allsidig og naturvenleg friluftsliv, kyrkje- og kulturliv. Laget skal ta vare på kulturminner, kulturlandskap og fremja aktivitet, rekreasjon og folkehelse og er tufta på friviljug innsats. Haus kulturminnelag skal ikkje ha tilsette og skal ikkje ha økonomisk vinning til formål. Som et tiltak for å nå desse målsetjingane vil Haus kulturminnelag arbeide med å bevare og utvikle område kring kyrkja, prestebrygga, straumen og prestebustaden med naust, kai og strandsonen i samråd og samarbeid med OVF, Bjørgvin bispedømmeråd og andre relevante samarbeidspartnarar.(Vedlegg 1)

Haus kulturminnelag søker Osterøy kommune om økonomiske midlar til å restaurera den gamle prestebrygga som skriv seg tilbake i følgje historiske skrifter til 1780 talet (sjå vedlegg). Brua er ei steinbru med to bogar og er blitt bygd som eit bindeledd mellom prestebustaden og kyrkja i Haus over saltstraumelva som går inn frå Sørfjorden til Mjeldavatnet. Dette er ei av svært fåe saltstraumselvar i landet. Brua er eit svært verdifullt kulturminne og ligg som eit vakkert kulturhistorisk smykke i bygda. Steinbrua er i dag i ein slik forfatning at den fort kan begynna å rasa ut, då den har sige saman på midten og begynt å bula ut.

OVF som er grunneigar av området fråskriv seg alt økonomisk ansvar når det gjeld midlar til reparasjon. Vi har hatt møte med dei og dei hevdar at dette er ei kommunal oppgåve, noko vi ikkje finn rimeleg i og med OVF (Opplysningsvesenets Fond) eig grunnen.

Hausten 2022 i oktober hadde vi tørrmurar Haakon Aase, som er kjent for å vera ein svært dyktig fagperson i Nordhordland på dette området, saman med ein lokal murar frå Haus, Kjetil Monstad, på synfaring. Haakon Aase har gitt oss tilstandsrapport og kostnadsoverslag som ligg ved. ( Vedlegg 2)

Prisen for å få den restaurert ligg på 900000 pr. i dag med gjeldande prisar.

Haus kulturminnelag har søkt Vestenfjeldske bykreditt stiftelse om midlar og vi har fått lovnad på kr 250000 med etterhald om at vi greier å fullfinansiera prosjektet. Vi har også søkt Kulturminnefondet og dei vil gi støtte på kr 200000, men og dei krev fullfinansiering for å betala ut pengane. Kulturminnefondet har gitt oss ein frist til 01.10.2023. Derfor hastar det veldig å få nok økonomisk støtte for å få gjennomført reparasjonen av brua.

Vi søker derfor Osterøy kommune om kr 300000 i økonomisk støtte for å greie å koma i mål med reparasjonen. Dette vil vera ein god spleis. Dei resterande 150000 vil vi prøva å skaffa til veie gjennom søknad og innsamling frå andre instansar.

Dette er ein muligkeit og sjanse vi ikkje må la gå frå oss. No når Sanatoriet i Haus er blitt så fint friluftsområde, må vi for alle del ikkje la steinbrua forfalla. Brua er unik og eit smykke i den vakre

fjordbygda vår. Dersom den ikkje blir reparert no, vil det bli langt mykje meir kostbart på eit seinare tidspunkt

Vi ber om at denne saka blir politisk behandla så snart som mogeleg, for det hastar tidsmessig, dersom vi skal få utløyst dei 450000.- som vi har fått lovnad om.

Haus, 18.07.2023

Haus Kulturminnelag

Madli Kvamme Hannisdal

Leiar

Kopi:

Lars Fjeldstad

Inge Sørheim

Magrethe Ådland